

Business Region Bergen AS  
Strandgaten 6  
5013 BERGENDato: 22.09.2016  
Vår ref.: 2015/3081-23  
Saksbehandlar: sirhans  
Dykkar ref.:

## **Fylkesbudsjettet for 2016. Tildeling av næringsretta partnerskapsmidlar på kr 4 050 915 i 2016.**

I fylkeskommunen sitt budsjett for 2015 er det sett av kr 15,983 mill kr på budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar». I tillegg blir det nytta kr 6,79 mill. kr av budsjettet i Handlingsplan for næringsutvikling i Hordaland (HNH 2015) til å støtte partnerar. Fordeling av støtte til partnerar som fekk fornya si støtte i 2015 og til nye partnerar blei handsama av fylkesutvalet 29.01.2016 (PS 8/2016). Her blei både årleg støttebeløp og kor mange år støtta skal gjelde for vedtatt. Totalt får 31 partnerar og utviklingsaktørar støtte frå fylkeskommunen i 2015. Den politiske saka finn de [her](#).

I sak til fylkesutvalet 29.01.2016 blei det berekna at BRB skulle få kr 4 050 915,- i partnerskapsmidlar over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar» i 2016.

I sin vurdering av partnerskapsmidlar til dykk peikte fylkesrådmannen på at det er føreset at alle eigarkommunane betalar sine årlege forplikingar til Business Region Bergen.

Årsrapportering for 2015 er godkjent og lagt fram for fylkesutvalet 23.06.2016.

### **For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune.**

Som mottakar av partnerskapsmidlar har de ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt partnerskapsmidlar skal betalast attende snarast.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane blir forvalta i samsvar med vilkåra for støtte frå fylkeskommunen. De pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemn-da er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjent med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson er Siri Hanson, telefon 99575879, e-post siri.hanson@hfk.no.

Som partner ønskjer vi dykk lykke til arbeidet med å realisera mål, strategiar og prioriterte innsatsområde for næringsutvikling i Hordaland slik det går fram av vår partnerskapsavtale, dette tildelingsbrevet og HNH 2016.

Bård Sandal  
Fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre  
næringssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi: - Regionalavdelinga v/økonomi: 10.160.308